



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

**Hordland Fylkeskommune**  
**Att. Næringseksjonen Regionalavdelinga**  
**PB 7900**  
**5020 Bergen**

Eidfjord kommune søker Hordaland Fylkeskommune om tilskot på 1,6 mill. kr. av samla investeringsbehov 25 mill. kr. eks. mva. til etablering i Hardanger av «**Norsk Natursenter**» - opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø- og Nasjonalparksenter for Hardangervidda.

Hordaland Fylkeskommune gav tilsegn på 0,5 mill. kr i søknad levert 30.09.2015. samla tilskot til etablering av Norsk Natursenter- Hardanger, frå Hordaland Fylkeskommune vert 2,1 mill. kr. dersom denne søknaden vert imøtekomen.

Eidfjord kommune søker ulike instansar om støtte til etableringa grunna kommunen er kjend med at dei viser samfunnsansvar, har eit regionalt utviklingsansvar, er nyskapande og utviklingsorienterte, og gjerne støttar tiltak som elles ikkje hadde blitt realiserte.

Det er Hardangervidda Natursenter Eidfjord etablert i 1995 og opna av H.M. Dronning Sonja som skal endra namn og innhald frå 1. april 2018.

Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS med administrasjon og styret har ansvaret for drift av senteret organisert gjennom eit 100 % eigd kommunalt selskap, eigar Eidfjord kommune. Selskapet HNE AS er leia av adm. dir Oddvar Brakestad og styret er samansett slik:

Anna Marie Langeland- styreleiar  
Aslak Læg Reid  
Stein Lier-Hansen  
Helge Møller  
Hilde Charlotte Solheim

Drifta av HNE AS og liknande attraksjonar i landet er komplekst. Vårt senter har til formål «samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen, og relasjonane mellom natur og menneskeleg verksemd. Vår oppgåve er å skape eit nært møte mellom det moderne mennesket og naturen og vera eit nasjonalparksenter for Hardangervidda».

Ein attraksjon med dette føremålet i landet har til ei kvar tid bevisbyrden når det gjeld å forklara investeringskostnadane og inntektsmogelegheiter. Miljømyndigheitene har bidrege til etablering av nasjonalparksentre i landet, men har ikkje stilt opp med nødvendig kapital for å oppnå høg nok attraksjonsverdi og publikumsinteresse. Uttalt strategi frå miljøvernmyndigheitene «er at dei sentra



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

som har størst potensial for høge gjestetel, lukkast med verdiskapning og er ein viktig del av reiselivet- skal prioriterast med midlar for ekstra publikumstilbod.»

Der det finst suksessar rundt i landet er det grunna lokal kapital og innsats utanom det vanlege. Eidfjord kommune meiner HNE AS er ein suksess.

Drifta av senteret viser god attraksjonskraft ( sjå økonomisk oversikt vedlegg) og resultatorientert drift med gode resultat.

Eigenkapitalen i selskapet pr. 31.12.2016 er 2,8 mill. kr. Selskapet forrentar eit lån på 13,8 mill. kr. og ber alle årlege kostnadar som er relatert til drifta, inkludert vedlikehald og ein del mindre nyinvesteringar. Drifta mottek årleg bidrag frå Miljødirektoratet, som autorisert nasjonalparksenter, for rettar og plikter som er nedfelt i autorisasjons avtalen. Beløpet frå Miljødirektoratet i 2017 er 1 mill. kr.

Med bakgrunn i dei første 22 driftsåra har styret i selskapet vurdert og analysert eige produkt og framtidig konkurransekraft i marknaden. Arbeidet har hatt som mål å avdekka forretningsmessig risiko og konkurransekraft i marknaden, med eit framtidig redusert gjestetel. Arbeidet skal konkretisere tiltak som kan auke konkurransekrafta og lønnsmda av investert kapital i verksemda generelt og ringverknadar av senteret sitt formål spesielt. Konklusjonane er at styret i 2014 tilrår eigaren å investera på nytt i senteret.

#### **Styrevedtak; Styresak 03.15 og 04.15- 25.02.2015**

1. *Styret i Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS rår eigar av senteret til å gjennomføra nye investeringar samla kr. 25. mill. kr. eks. mva i 2015-2016.*
2. *Styret i HNE AS rår eigar til å tilføra prosjektet 12,5 mill. kr. i eigenkapital av samla ramme 25. mill. kr. eks. mva.*
3. *Styret i HNE AS arbeidar på vegne av eigar med restfinansiering kr. 12,5 mill. med eksterne bidrag til prosjektet.*

Eidfjord kommune, som eigar av HNE AS, har i heile driftsperioden hatt som føresetnad at selskapet sitt hovudmål er å ha kvalitet og appell i marknaden for å påverka reisande sitt val av reiserute og reisemål.

Eidfjord kommune meiner at Hardangervidda Natursenter Eidfjord er eit eksempel på kva ei vellykka etablering kan føra til på lokalt/regionalt og nasjonalt nivå. Eit årleg gjestetel på 55-60.000 gjennom 22 års drift, meir enn 1 million gjester i perioden, viser at senteret framstår som den tyngste skapte attraksjonen i indre deler av Hordaland. Gjesteundersøkingar viser at over 50 % meiner at senteret er svært viktig for val av reiserute, vel 33 % opplyser at det er svært viktig ved val av reisemål. Berre ca. 20 % meiner at senteret ikkje er viktig for deira val av reiserute og reisemål. Ut frå reiselivsteori kan ein rekna på ringverknadane, utover senteret sine eigne inntekter som i 2015, er venta å vera ca. 9,8 mill. kr.

Det er kjent at opplevingsentre er ein stadig viktigare del av attraksjonstilbodet i Norge. Då er såleis ein del av basiselementa i produktet som er med på å skapa reiselivsetterspurnad i Norge, og er difor



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

med på å legge etterspurnad også i dei andre delar av næringa (overnatting, servering, handel, transport mv.).

Etablering av opplevingssentra har både direkte- og indirekte verknad. Den direkte verknaden er viktig (sysselsetting m.a), men ingen av eksisterande sentra med formål lik HNE AS kan drivast på reint bedriftsøkonomisk grunnlag. Grunngevinga for å etablere slike sentre er forankra i dei indirekte verknadane det vil ha på sjølve formålet til senteret, og øvrig reise- og næringsliv i regionen. Det er summen av dei direkte og indirekte verknadane som kan forsvare at dei offentlege og andre kan støtta investering av slike anlegg.

Eidfjord kommune sine samla historiske investeringar i HNE AS er ca.	67,0 mill. kr.
- Tilskot frå andre ca.	9.0 mill. kr.
- <u>Forskottsbetalt husleige frå HNE AS</u>	<u>13,8 mill. kr.</u>
	44,2 mill. kr.
+ ny kapital 2015	<u>12,5 mill. kr.</u>
<u>Samla investeringskapital</u> frå Eidfjord kommune 1994-2015	<u>56,7 mill. kr.</u>

Eidfjord kommune meiner at senteret har viktige funksjonar som attraksjon i reiselivet, statleg autorisert nasjonalparksenter for Hardangervidda og ikkje minst eit utstillings- og informasjonstilbod med profilering av norsk natur, klima og miljø.

Erfaringa til eigar av senteret Eidfjord kommune frå 1995 til 2017 er at administrasjon og styre i senteret både kan og har måtta utvikla ein konkurransestrategi utanfor den nasjonalpolitiske verkelegheita. Dersom senteret skulle vore avhengig av å venta på realiseringa av dei strategiske politikkmåla som er sett i stortingsmeldingar frå Samferdsel-, Miljøvern- og Nærings- departementa ville det vore vanskeleg, om ikkje umogeleg, å oppretthalda drifta i 20 år. Resultatet er at Eidfjord kommune i stor grad åleine har investert i senteret for å fjerna gapet mellom den praktiske verkelegheita og den overordna politiske målsetninga.

I tillegg til Eidfjord kommune med investert kapital ca. 56,7 mill. kr. har følgjande instansar bidrege til realiseringa av senteret: Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune, Miljøverndepartementet, Statens Naturoppsyn og Statkraft med ca. 9 mill. kr.

Styret i HNE AS viser til at nye attraksjonar i opplevingssenteret er ei krevjande øving som inneber at den skal forutsjå kva nye attraksjonar som vekker begeistring for gjesten innanfor tema: Norsk natur, klima og miljø.

Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS inviterte tre anerkjente attraksjonsutviklarar til konkurranse for at det nye prosjektet med utforming av strategi og plan. Dei tre mest anerkjente «utstillingsfirma» som leverte konsept var Expology (Oslo) Gargarin (Island) og Sarnar Ltd. (London).



**Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord**

Styret i HNE AS i samråd med kommunenes administrasjon har valt å nytta Sarner Ltd. til ei totalentreprisekontrakt på leveransen av heile prosjektet. HNE AS og Sarner har i tillegg sett saman ei norsk faggruppe på fem personar som skal ha fagansvar og tekstproduksjon til det nye prosjektet. Professor Atle Nesje ved Universitet i Bergen, er leiar for denne gruppa.

Eit døme på prosjekt som skal realiserast som ein del av etableringa av Norsk Natursenter er utvikla av professor Danbolt med arbeidstitel «Kunsten sin betydning for menneskeleg forståing av naturen».

Kunstens betydning for landskap, klima, kultur og miljø. Den nasjonale identitet, sitt eige livsløp, den nasjonale historia og bilde på det norske nasjonale landskapet, Gunnar Danbolt.

Deler av manus for prosjektet ligg ved søknaden samt teikningar av det nye panoramafilmrommet. Prosjekt er nyskapande og ein ventar stor publikumsinteresse for dette. Etter nærmare drøfting med Hordaland Fylkeskommune og Norsk Natursenter vil ein kunna markera Hordaland Fylkeskommune i ein slik samanheng. Norsk Natursenter Hardanger arbeidar med ei realistisk framdrift av prosjektet med opning 1. april 2018.

## **Styrevedtak HNE AS 02.15**

1. Styret i HNE AS engasjerer Sarner som hovudleverandør til nye opplevingsutstillingar i senteret.
2. HNE AS i samarbeid med Sarner gjennomfører ein større detaljeringsgrad av innlevert prosjekt med endringar av innhald og nødvendige tilpassingar av innhald og nødvendige tilpassingar av produktet.
3. HNE AS i samband med Sarner utarbeider nytt budsjett etter revisjon av «forprosjektet», framdriftsplan og forslag til kontrakt.
4. HNE AS som innkøper opprettar ein organisasjon med fagpersonar med tillegg av sekretær for ei slik gruppe som behandlar fagansvaret. Styret handsamar endeleg plan og kontrakt for innkjøpet når punkt 1-4 ligg føre.



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

## FRAMDRIFT:

HNEAS har presentert forprosjektet for representantar for Sparebankstiftinga Hardanger, Innovasjon Norge og Hordaland Fylkeskommune på møte i Bergen august 2015.

HNE AS har inngått kontrakt, datert 20. mars 2015, med Sarner om ei større detaljeringsgrad av innlevert konkurranseprosjekt. (Sjå vedlagt kontrakt mellom HNE AS og Sarner).

HNE AS har betalt utviklingskostnader samla kr. 4,2 mill. kr. til Sarner i 2016-2017 som ein del av endeleg kontraktsum samla 24 mill. kr.

Prosjekt Norsk Natursenter er ferdig planlagt og detaljutforma i dokument datert april 2017.

Det ligg føre forslag til kontrakt mellom HNE AS og Sarner.

Dersom Hordaland Fylkeskommune bevilgar 1,6 mill. kr. er prosjektet fullfinansiert og Norsk Natursenter- Hardanger opnar for publikum 1. april 2018.

## Vedlegg:

1. Brev frå Fjord Norge
2. Prosjektplan med dokumentasjon vert ettersendt i posten grunna størrelsen på dokumentet.



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

## **Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS (HNE) inviterer hermed til konkurranse om plan for nye attraksjonar/utstillingar i opplevingscenteret-delvis eller totalt.**

Hardangervidda Natursenter Eidfjord inviterer:

Expology  
Gagarin Ltd.  
Sarner Ltd.

Interesserte tilbydarar bes melde sin interesse til adm. dir. Oddvar Brakestad [post@hardangervidda.org](mailto:post@hardangervidda.org) eller tlf. 911 67 511.

HNE er eit opplevingscenter for norsk natur, klima og miljø. Senteret er den mest besøkte menneskeskapte attraksjonen i distriktet. Årleg gjestetel mellom 55-60.000, fordelt på ca. 50 % norske og utanlandske ferie- og fritidsreisande. Ca. 35 % av samla gjestetel er kundar frå norske og internasjonale turoperatørar (bussgrupper).

Formålet til senteret er: «Hardangervidda Natursenter Eidfjord har til formål å samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen, og relasjonane mellom natur og menneskeleg verksemd. Vår oppgåve er å skape eit nært møte mellom det moderne mennesket og naturen».

Eidfjord kommune er eigar av alle aksjane i selskapet. HNE har drifta senteret frå våren 1995. Det er samla investert ca. 50 mill. i bygningar og utstillingar frå opningsåret til 2014. Inntektene i HNE kjem frå billettinntekter, suvenirsal, restaurantdrift og utleige av lokale til Statens naturoppsyn. HNE er og eit av mange nasjonalparksenter i landet, med Hardangervidda nasjonalpark som tema.

Etter 19 drifts sesongar har HNE beslutta å vurdere fleire tiltak for å vidareutvikle det totale opplevingsproduktet ut til publikum. Utstillingane var i sin heilheit nye i 1999, levert av Burson-Marsteller AS. Nye attraksjonar i opplevingscenteret er ei krevjande øving som inneber at ein skal forstå kva som vekker begeistring og opplevings dimensjon for gjesten innan tema: Norsk natur, klima og miljø.

Det er få, viss det er nokon i dette landet som på dette området kan visa til gode resultat. (Det vert her vist til gjestetel). Utstillingane til HNE etablert i 1999 utmerka seg i den tida med moderne design, all informasjon vekte frå plakatar og over på interaktive stasjonar som krev medverknad frå gjestene. Tilbakemeldingane frå gjestene er at panoramafilmen Fjord, Fjell og Foss er «ei fantastisk oppleving». Utstillingane er gode men vekker ikkje same begeistring.



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

HNE skal inn i ein prosjektfase med utvikling av nye utstillingar og inviterer tre anerkjente aktørar i marknaden til konkurranse om å laga strategi, utforming og innhald til opplevingssetneret. Senteret har høge ambisjonar på vidare utvikling og har som mål å vera eit opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø- med nasjonal betydning og oppmerksomheit.

Dei nye tiltaka er:

- Innkjøp av nytt uteareal (gjennomført)
- **Nye attraksjonar i opplevingssenteret- delvis eller totalt (konkurranseoppgåve).**
- Bildekunstens betydning for menneskets forståing av naturen
- Utescene «Hardangerscena»

HNE AS inviterer tre utstillingsleverandørar til konkurranse om oppdrag til å presentera forslag til utvikling og vitalisering av utstillinga som ein integrert del av opplevinga i senteret. Invitasjonen går til: Expology, Gagarin Ltd og Sarner Ltd.

Oppgåva for dei tre konkurrerande firma er:

- 1) Utarbeide beskriving av oppgåva:
- 2) Førehandsundersøking, beskriva strategi, overordna mål forretningsmessig og målgruppe
- 3) Utarbeide konsept med målsette tegningar og illustrasjonar
- 4) Utarbeide budsjett fordelt på kvart enkelt utstillingselement fordelt på bygg/scenografi, teknikk og innhald.
- 5) Innlevering og presentasjon frå kvar av tilbydarane.

HNE AS tilbyr kr. 50.000 med tillegg av eventuell meirverdiavgift, til kvar av tilbydarane som leverer inn prosjekt forslag.

HNE AS har som mål å inngå kontrakt med innkjøp av nye utstillingar levert og montert i senteret i 2015-2016. Seinast ferdigstilling av heile produktet 1.april 2016. Tilbydarane kan avtale møter og befaring på senteret i Eidfjord etter behov, samla for alle tilbydarar eller kvar for seg. Nærmare info. vil bli gitt i møta. HNE tek førehald om å velja og vraka mellom innleverte prosjektforslag inkludert forkasta alle, dersom HNE meiner kvaliteten samla sett er for lav.

HNE AS ber om tilbakemelding frå konkurranse tilbydarane om behov for tidsbruk for innleveringa av konkurranseprosjekt.

Eidfjord 01.10.2014

Hardangervidda Natursenter Eidfjord

---



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Oddvar Brakestad

## Norsk Natursenter.

### **Bakgrunn og oppgåveforståing**

Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal i framtida vera eit opplevingscenter for norsk natur, klima og miljø, lokalisert til Hardanger, og nasjonalparksenter for Hardangervidda.

Senteret sitt føremål er å samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen og relasjonane mellom natur og menneske. HNE skal skapa eit nært møte mellom mennesket og naturen.

Tema for utstillingane er norsk natur, klima og miljø.

Senteret skal i tillegg til nasjonalparksenter for Hardangervidda vera eit opplevingscenter (temasenter) for norsk natur, klima og miljø, med nasjonal betyding.

### **Målgruppe og opplevingsmål**

Gjestene til HNE AS er stort sett turistar på veg til eller frå Bergen/Oslo, Vestlandet, Hardangerfjorden og Sognefjorden, cruiseturistar og andre dagsturistar.

Det er norske og utanlandske turistar, barnefamiljar, skuleelevar og høgskular, som er kundegrundlaget til senteret.

Gjestefordelinga er i dag omtrent slik:

- Norske og utanlandske individuelle turistar (bilturistar) 60-70 %
- Norske og utanlandske turistar (turbuss/cruise), 25-30 %
- Skuleelevar og utdanningsinstitusjonar, 10 %

For å oppnå dei strategiske måla må me treffa målgruppene ved å sikre at «nye HNE» vert eit nasjonalpark og opplevingscenter som appellera til sansane, triggjar gode følelsar og skaper sterke relasjonar mellom mennesket og naturen. Senteret skal verta kjent som ein stad ein «må» oppleve om ein er turist i Norge. Overordna opplevingsmål er:

- Nasjonalparksenter for Hardangervidda.
- Oppleving: «Utanom det vanlige»
- Fasinasjon: "Norsk natur er vakker og storslått"
- Nærheit: «Beundring og begeistring av naturen»
- Engasjement: "Verdsetja naturen»

Eit besøk på Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS skal og tilføra noko ekstra til opplevinga ein får ute i naturen. Formidlinga må spela på følelsar og skape dei gode assosiasjonane og beundring. Gjennom omsluttande og kraftfulle opplevingar skal dei besøkande bli fasinert over det vakre og storslåtte i norsk natur. Dei skal føla at dei sjølv har eit nært forhold til naturen, og inspirerast til engasjement for at naturen har stor verdi.





Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Målet er å skapa ei oppleving med sterk sans intrykk som går «rett i hjarta» på dei besøkande. Dette må vera ein lede-tråd i arbeidet med vidareutvikling av senteret. HNE vurderer å skifta namn på opplevingssenteret. Hardangervidda Natursenter Eidfjord opplevast som eit langt og tungt namn utan ein klar assosiasjon. Derfor Norsk Natursenter.

Senteret skal framleis vera eit nasjonalparksenter og eit opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø. Eit besøk på HNE skal appellera til sansane, trigga gode følelsar og sterke relasjonar mellom mennesket og naturen. Det er viktigare å inspirere til at dei besøkande beundrar naturen, enn å lære bort naturvitskaplege fakta.

Innhald i utstillinga er tenkt formidla på 11 språk. Tekst bør formidlast gjennom eit digitalt grensesnitt, som gjer det enkelt å byta språk, skifta ut og oppdatera innhald.

### **Strategiske mål**

Då utstillinga opna i 1999 var det Norges beste naturutstilling, med innovativ bruk av teknologi og moderne utstillingsdesign. Det overordna målet er framleis å være det beste senteret i Norge på formidling av naturinformasjon. Det må leggjast til grunn at forventingane til gjestene i perioden 2016-2028 (forventa levetid på utstillinga) kjem til å stille krav til bruk av tid og ønske om gode opplevingar « gylne øyeblikk » i langt større grad en det vi har opplevd i noverande utstillingar og driftsperiode 1999-2015. Det store spørsmålet er korleis tema norsk natur, klima og miljø skal formidlas og naturlegvis spisses i senteret i sin heilheit. Denne oppgåva må sjåast i eit overordna perspektiv og spørsmåla om kva som er relevant bodskap-diskusjon-dagsaktuelt frå 2016-2028? Sarnar utarbeider ein framdriftsplan fram til ferdig leveranse 1. april 2018.

### **Autorisert Nasjonalparksenter**

Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS vart i 1997 tildelt statleg autorisasjon som

nasjonalparksenter for Hardangervidda. Miljøforvaltninga sin visjon for nasjonalparksentra:

*«Besøksentre evner å spre kunnskap og skape oppmerksomhet om naturarven. De skal bidra til lokal bærekraftig verdiskapning gjennom måten de drives på.*

*Det gjøres ved å:*

- 1. Inspirere folk til å ville lære mer om naturen gjennom å gi dem gode opplevelser*
- 2. Legge til rette for godt samspill med lokale interessenter for å utvikle bærekraftige aktiviteter utenfor og i verneområder.»*

*«Nasjonalparksentrene – en open dør til natur og naturopplevelser.»*

*De viktigste målene for naturforvaltningen er å ta vare på biologisk mangfald og å verne og styrke allemannsretten. Opprettelse av nasjonalparker og andre verneområder skal bidra til å sikre såbare og truende naturtyper og bevare områder av regional og internasjonal verdi. En effekt av opprettelse av nasjonalparker vil dessuten være at området sikres for friluftsliv og naturopplevelser. Vektingen mellom disse ulike formålene varierer fra park til park og sentrene må tillemppe sin virksomhet iht. dette.*



**Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord**

Det er sentralt for miljøforvaltninga å nå ut med sine målsetjingar og intensjonar, også til den brede allmennhet. Sentra skal være eit av virkemidla som bidrar til dette. Strategisk skal dette skje gjennom informasjon om nasjonalparker og naturvern, inspirasjon om miljøvennlig friluftsliv og formidling for miljøforvaltninga (også for andre tema enn nasjonalparker og friluftsliv).

## **Hardangervidda**

Eidfjord kommune er vertskapskommune for eit vesentleg areal av Nord-Europas største fjellplatå-Hardangervidda. Turistvegen Rv. 7 Hardangervidda, Vøringsfossen, Måbødalen og Hardangerfjorden er ein viktig del av konkurransekrafta for lokal, nasjonal og internasjonal turistindustri.

Rv. 7 Hardanger-Hønefoss med Hardangervidda som høgdepunkt på vegforbindelsen mellom øst og vest, er den mest trafikkerte «Turistvegen» inn til Fjord Norge. Ferie- og fritidstrafikken utgjør 80 % av all trafikk på Rv. 7 om sommaren og har over tid lagt grunnlaget for utviklinga av eit reiselivsbasert lokalt i næringsliv i Hallingdalen og Hardanger. Rv. 7 er ei livsnerve for regionane Hardanger og Hallingdal som er svært avhengig av turisme.

Størsteparten av Hardangervidda nasjonalpark ligg i Hordaland. Nasjonalparkane vil vera ein del av merkevarebygginga av Norge. For å styrka Fjord Norges konkurransekraft mot nasjonale og internasjonale reisande og bidra til auka verdiskapning for aktørane vil utviklinga av eit opplevingsdrive reiseliv basert på ei berekraftig utvikling, vera viktig i framtida.

Menneskeleg bruk av Hardangervidda til rekreasjon, utfart og opplevingsmål er størst i område som har Rv. 7 som utgangspunkt. Det er også langs Rv. 7 turistnæringa er mest etablert og utvikla. Sentralt for miljøforvaltninga er auka samfunnsaksept som fremjar berekraftig bruk av områda, og førebygge tap av natur mangfald. Hardangervidda, turistveg og nasjonalpark som ein del av nasjonal strategi for reiselivsnæringa og behov for omstilling og auka verdiskapning i turistindustrien er og uttalte offentlege mål. Som nasjonalparksenter gjennom kunnskapsformidling skal Norsk Natursenter visa fram deler av Norges viktigaste natur-arv gjennom dagsaktuelle eksempel på naturtilstanden på Hardangervidda.

## **Nordisk Naturskule Eidfjord**

HNE var pioner i arbeidet med tilbod om naturvegleiing gjennom etablering av Nordisk Naturskule Eidfjord. Naturskulen vart offisielt opna av utdanningsdirektør Kjellbjørg Lunde, og direktør i Statens Naturoppsyn Kai Erik Tørdal fredag 28. oktober 2005. Frå starten i 2004 til 2010 var naturskule prosjektet finansiert av HNE, SNO og Statkraft. I 2009, med verknad frå 2010 vart det inngått samarbeidsavtale mellom HNE og Statens naturoppsyn (SNO) om at naturvegleiing ved senteret skulle gjennomførast med ein fast stilling frå SNO.



Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

## Budsjett

Konkurransetilbod frå Sarner	24,0 mill. kr
Prosjektering	1,0 mill. kr.
<u>Sum</u>	<u>25,0 mill. kr.</u>

Det er administrasjon og styre i selskapet HNE AS som skal vera innkjøpsansvarleg og gjennomføra innkjøpet for eigar Eidfjord Kommune.

## Finansieringsplan

Eidfjord kommune	12,500	mill. kr.
Miljødirektoratet	4,000	mill. kr.
Sparebankstiftinga Hardanger	1,650	mill. kr.
Eidfjord kommune (ansvarleg lån)	4,750	mill. kr.
Hordaland Fylkeskommune	0,500	mill. kr.
<u>Ny søknad Hordaland Fylkeskommune</u>	<u>1,600</u>	<u>mill. kr.</u>
<u>Sum kapital kr.</u>	<u>25</u>	<u>mill. kr.</u>

Eidfjord kommune sender søknad om støtte frå ovannemnde instansar grunna kommunen er kjend med at desse instansar viser samfunnsansvar, har eit regionalt utviklingsansvar, er nyskapande og utviklingsorienterte, og gjerne støttar tiltak som elles ikkje hadde vorte realisert.

Eidfjord kommune oppfyller dei krav som Hordaland Fylkeskommune har opplyst til søkjarane.

«Dette gjeld: strategisk viktig for regionen si utvikling, regionale ringverknadar, lokal med finansiering og ferdig realisert 1. april 2018.»

Kontaktpersonar for søknaden er Geir Underhaug og sakshandsamar er Oddvar Brakestad.

Etter nærmare avtale og behov kan prosjektet presenterast i eit møte. Eidfjord kommune ber om ein positiv behandling av søknaden.



**Eidfjord** kommune -Unik frå fjell til fjord

Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Eidfjord 13.06.2017



**EIDFJORD KOMMUNE**

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Geir Underhaug', written over a horizontal line.

rådmann

Geir Underhaug

Rådmann